samfunn

KARL JOHAN VATNE
karl.johan.vatne@smp.no
SVEIN AAM
svein.aam@smp.no
INGER OTTERLEI
inger.otterlei@smp.no
JAN-PETTER ALBERTSEN
jan.petter.albertsen@smp.no
GEIR STRAND
geir.strand@smp.no
BENT BOTTEN
bent.botten@smp.no

Janita Roset (t.v.) frå Blakset i Stryn er med som informant i det store nordiske språkprosjektet. Åshild Søfteland hentar inn opplysningane, medan Thomas Grønning er med som teknisk assistent.

Nordisk språk under lupa

Kva er likt og ulikt i språket til Janita Roset frå Stryn og ein finlandssvensk eller jysk tenåring? Dette er eitt av spørsmåla ei stor nordisk språkgransking skal gi svar på.

SPRÅK. «Ken e de» og «kor e de» svarer Janita Roset når Åshild Søfteland ber henne seie korleis ho i sin dialekt vil seie «hvem er det» og «hvor er det».

Same spørsmåla vil bli stilte til fleire hundre andre som snakkar eit nordisk språk.

– Vi tek også opp spontan tale, og opptaka blir filma på video, fortel Søfteland som er prosjektassistent i det fellesnordiske prosjektet «Nordisk dialektsyntaks».

Ni universitet. Forskargrupper frå i alt ni nordiske universitet samarbeider om prosjektet, der ein samlar inn dialektar frå heile det nordiske språkområdet – frå finlandssvensk i aust til islandsk i vest, og frå jysk i sør til nordnorsk i nord.

Janita Roset (16) er ein av fire på Nordsida i Stryn som er blitt intervjua i prosjektet.

Ser utvikling. På alle målepunkta gjer ein opptak med to personar under 30 år og to over 50 år.

– Dette gjer vi for å sjå utviklinga i språket, forklarer Søfteland.

I kvar gruppe blir ein av kvart kjønn intervjua. Ein gjer også opptak av dialog mellom dei to.

– Når to og to snakkar saman, unngår vi knoting. Men det gjeld å snakke om trygge tema. Vi må unngå baksnakking og sensitive opplysningar, smiler Søfteland.

Grammatikk. Det er også eit mål for prosjektet at dei som blir intervjua skal vere minst mogleg påverka av andre dialektar. Og dei må i alle fall ikkje ha budd lenger enn sju år utanfor bygda.

Forskar Øystein A. Vangsnes frå Universitetet i Tromsø er koordinator for det fellesnordiske prosjektet. Han fortel at grammatikken i dei nordiske dialektane ikkje er blitt studert så mykje tidlegare.

«Vi må unngå baksnakking og sensitive opplysningar»
ÅSHILD SØFTELAND

– Andre undersøkingar har hatt fokus på lydlære og bøyingslære og lite på syntaks, seier han.

Setningar. Ei sjekksetning på spørjeskjemaet er til dømes «Jon e flink å reparere gamle møblar». Fleire her i landet vil godta ein slik seiemåte, medan andre heller vil seie «flink til å reparere...».

«Ka du sa?» er også ei interessant setning for språkforskarane. På Nordvestlandet vil få reagere om nokon spør slik, men i standard nynorsk får verbet ei anna plassering: «Kva sa du?»

Korleis det står til med dativbruken i dialektane vil forskarane også finne ut av, i det som blir den første fellesnordiske dialektsamlinga nokosinne.

Sunnmøre. Bortimot 300 målepunkt i Norden vil bli granska.

Det svenskspråklege området skal ha rundt 100 målepunkt, Island 30 og Færøyane ti. Danmark har sett opp 11 stader dei skal studere.

Her i landet vil det bli rundt 100 målepunkt.

– Men vi har fått pengar til berre til halvparten, seier Vangsnes og legg til at ein på sikt også skal til Sunnmøre for å gjere dialektopptak.

I ytre Nordfjord er Bremanger valt ut, men truleg vil også Stadlandet bli med i granskinga.

Dialektsamlinga vil bli tilgjengeleg for forsking og formidling via internett.

ANNE-MARI TOMASGARD
anne-mari.tomasgard@smp.no

Helseforetakene får 200 nye legestillinger

De regionale helseforetakene får i alt 200 nye legestillinger i 2008. Helse Midt-Norge får 29 av disse.

SPESIALISTER. Sosial- og helsedirektoratet har i et brev til helseregionene gitt beskjed om at 82 av disse er spesialiststillinger. Det vil si overlege/avtalespesialist. 11 av disse går til Helse Midt-Norge.

93 er utdanningsstillinger, her kommer også fordypningsstillinger. 13 er tildelt Helse Midt-Norge.

Videre har helseregionene 25 stillinger til sin disposisjon. Helse Midt-Norge får fem av disse.

Psykiatri, indremedisin, kreft. Sosial- og helsedepartementet vil at en særskilt skal vurdere situasjonen i psykiatri/rus, samt indremedisin (særlig geriatri og lungesjukdommer) og kreftrelaterte spesialister (onkologi, patologi, radiologi og kirurgi).

Bryst- og endokrinkirurgi er en ny kirurgisk grenspesialitet, og RHF'et skal sørge for et tilstrekkelig antall stillinger i den nye spesialiteten.

Helseregionene skal også være oppmerksomme på situasjonen for rekrutteringsutsatte spesialiteter der det er misforhold mellom forventet behov og tilgang på spesialister. I tillegg til å etablere utdanningsstillinger skal en også sørge for effektive utdanningsforløp.

INGER OTTERLEI
inger.otterlei@smp.no